

**Fra:** Arve Helle (Arve.Helle@arbeiderpartiet.no)

**Sendt:** 14.06.2020 18:39:05

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål til fylkesutvalet

**Vedlegg:**

Paradis i Bergen er eit område som er under sterkt press for utvikling og fortetting. Gjeldande områdeplan vart godkjend i 2014. I etterkant er det i dei aller fleste byggesakene søkt om og gitt løyve til meir fortetting enn det som låg til grunn for områdeplanen sine rammer.

Det vert no jobba med ein plan som skal regulere veg og gang- og sykkelveg i området. Denne vil definere mykje av premissane for utviklinga av området framover.

Det har nyleg vore ei synfaring i området i regi av Vestland fylkeskommune. Eg er kjend med at det er ei bekymring blant innbyggerane på Paradis for at det er skulen som må avgje areal for å realisere planane i området, og at det ikkje er tilstrekkeleg fokus på sikker skuleveg.

Paradis skole har allereie i dag for lite areal og helsevernetaten har tidlegare trekt godkjenninga deira m.a på grunn av dette.

Prognosane for området viser eit sterkt aukande tal elevar og det gjer denne bekymringa endå større.

Kva er status i arbeidet med denne planen, og korleis blir interessene til innbyggerane ivaretekne i den vidare prosessen?

Mvh

Arve Helle